



Hordaland fylkeskommune ved Fylkestrafikksikringsutvalet
Postboks 7900
5020 Bergen
Att: Lise F. Ådlandsvik

Agnes Mowinckels Gate 5,
Fylkeshuset, 5008 Bergen
Postboks 7900,
5020 Bergen, Norge

Tlf: +47 412 06 132
nestas@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no

Referanse:
Knut Olav Røssland Nestås

Dato:
31.01.2017

Søknad om aktivitetsmidlar til Trygg Trafikk for 2017

Me sender dykk med dette søknad om aktivitetsmidlar til trafikksikringstiltak i regi av Trygg Trafikk i Hordaland. Tiltaka våre baserer seg på Hordaland fylkeskommune sin handlingsplan for trafikksikring i perioden 2014-2017, og i tillegg våre eigne handlingsplanar som er forankra i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2014-2017.

Trygg Trafikk søker om aktivitetsmidlar til gjennomføring av følgjande tiltak:

| Aktivitatar | Sum |
|------------------------|------------------|
| Trafikksikker kommune | 250 000,- |
| Opplæring, kurs | 250 000,- |
| Refleks | 80 000,- |
| Russ/Vgs. | 80 000,- |
| Diverse | 50 000,- |
| #Er du sikker? | 20 000,- |
| Sum søknad 2017 | 730 000,- |

Budsjettet ber preg av ein aktivitetsauke knytt til visse tiltak frå tidlegare år. Dette heng ikkje minst saman med «Trafikksikker kommune»-konseptet der det er ambisjonar for vidare utvikling framover. I tillegg er det lagt inn ei ekstra løyving for å finansiere ei skulekartlegging for grunnskulen i Hordaland knytt til opplæring/kurs-posten. Vidare satsing på aktivitet i tråd med nedfelte planar og ambisjonar er eitt opplagt mål dei neste åra. Dette vert sett særleg i

samanheng med «Trafikksikker kommune»-konseptet og anna arbeid i samband med styrkinga av det systembaserte trafikksikringsarbeidet i Hordaland.

Det er òg rimeleg å vente at arbeidsmengda vil auke monaleg i samband med dei nye aktivitetane som «Trafikksikker kommune»-prosjektet fører med seg. Dette vil på eit tidspunkt krevje støttefunksjonar for distriktsleiar, for at me slik skal kunne gradvis auke aktivitetsnivået knytt til prioriterte tiltak og samtidig vidareutvikle eksisterande tiltak. Slike støttefunksjonar blir å koma attende til på eit seinare tidspunkt.

For nærare omtale av tiltaka i søknaden, syner me til vedlagte oversikt.

Det er ønskeleg med ei rammeløyving på 730 000,-, der distriktsleiar vert gjeve handlingsrom til å omdisponere fritt mellom tiltaka og aktivitetane ut ifrå behov. Denne fleksibiliteten er særleg viktig i samband med behova i kommunane som jobbar med «Trafikksikker kommune»-prosjektet, der særleg kompetanseheving og kurs er etterspurt. Me prøver etter beste evne å svare på denne etterspurnaden, men det er ikkje tvil om at slike aktivitetar er ressurskrevjande. Som tidlegare vil underteikna rapportere til FTU etter førespurnad og delta i FTU sitt arbeid elles. I tillegg vil det bli utarbeidd skriftlege årsrapport.

Me håpar på velviljug handsaming av søknaden, og ser fram til å halde fram det gode samarbeidet i 2017.

Tiltaks- og aktivitetsoversikt:

Trafikksikker kommune

Konseptet er utvikla av Trygg Trafikk med tanke på kommunane si sentrale rolle i trafikksikringsarbeidet. I 2016 har me hatt eit nært samarbeid med Lindås, Vaksdal, Austrheim, og etter kvart Bømlo, Sund og Kvinnherad. For å stimulere arbeidet med trafikksikring i desse kommunane, har me utarbeidd eit sett av sentrale kriterier for å kunne bli godkjent som ein «Trafikksikker kommune». Me ønskjer med dette å bidra til eit betre førebyggjande arbeid og å sikre eit meir systembasert trafikksikringsarbeid i kommunane. Lindås, Vaksdal og Austrheim blei alle godkjente i løpet av første halvår 2016. Bømlo, Sund og Kvinnherad er rekruttert i perioden juni-november 2016. Arbeidet med prosjektet har avdekka eit klart behov for kurs, kompetanseheving, nettverksbygging og stønad til innkjøp, materiell og arrangement. Fylkeskommunen har fram til no sett av 100 000,- i stimuleringsmidlar pr. kommune, mens Trygg Trafikk har hatt 200 000,- i 2016 til å gjennomføre kurs og leggje til rette for aktivitetar og systembasert arbeid i kommunane. Dette arbeidet vil halde fram i 2017. Samtidig inneber arbeidet no eit større omfang med til saman seks kommunar, der det òg i løpet av året kan vere aktuelt å rekruttere nye. I tråd med ei slik utvikling vil det også vere eit behov for auka handlingsrom til aktivitetar styrt av Trygg Trafikk. For 2017 er det allereie planar om ulike former for bistand t.d. knytt til

einingsmøter, etterutdanning, kurs, nettverkssamlingar med meir. Samhandlinga i prosjektet «Trafikksikker kommune» må seiast å ha vore vellukka, og mykje tyder på at me får ei god utvikling også dei neste åra. Det er positivt, men utfordrar også fylkeskommunen og Trygg Trafikk på å ha tilstrekkeleg arbeidskapasitet og ressursar ved behov. Søknadssummen på 250 000,- skal dekkja våre aktivitetar i så måte, og mellom anna utgifter i samband med eksterne kurshaldarar, kurs- og møteverksemd, utvikling av nye møtestader/nettverksbygging og samlingar, naudsynt materiell, etter- og vidareutdanning for lærarar med vidare.

Opplæring/kurs

Trygg Trafikk er den leiande aktøren i arbeidet for trafikksikker oppvekst, og eit kompetansesenter for trafikkopplæring for born og unge, jf. m.a. *Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikkerhet 2014-2017*. Vår hovudsatsing på området er knytt til trafikkopplæring og bruk av sikringsutstyr. Me tilbyr læringsressursar og rettleiing til elevar, lærarar og foreldre tilpassa alle alderstrinn. I 2016 har me mellom anna støtta Bergen 2017 og «Alle barn sykler»-prosjektet med vesentlege bidrag på materiellsida, og gjennom samarbeid og rettleiing elles. Dette samarbeidet vil halde fram i 2017. I regi av Trygg Trafikk og i samarbeid med aktørane bak Sykkel-VM, ønskjer me også å satse på ein sykkelfinale for barnetrinnet i Bergen hausten 2017 i forkant av meisterskapen. Det krev ein viss auke i søknadssum til FTU. Satsinga på Barnas Trafikkklubb har òg vore positiv i 2016, m.a. gjennom oppløftande medlemsvekst blant barnehagane i Hordaland. Arbeidet med å spreie og marknadsføre Barnas Trafikkklubb held fram for fullt i 2017. I tillegg har underteikna sagt seg viljug til å føre vidare teaterframsyninga «Laffen» på vegne av FTU, men med ein særleg innfallsvinkel inn mot «Trafikksikker kommune»-satsinga. Framsyninga vil for 2017 ha ein finansieringstrong i storleiksorden 75 000-80 000,-. Avslutningsvis ønskjer eg òg å nemne at det blir gjennomført ei nasjonal kartlegging blant skulane i 2017. Denne kartlegginga vil gje svar på korleis skulane integrerer trafikk i planverket og i undervisninga si. For å få ut særlegne tal for Hordaland er me nøydde til å betale ut ein eingongssum på mellom 50 000-60 000 inkl. mva. Dette tek eg òg høgde for i den auka søknadssummen til FTU knytt til denne posten. Summen av desse satsingane gjer at underteikna vurderer at dette tiltaket må ha eit monaleg auka handlingsrom frå tidlegare år, og søker dermed om 250 000,- for 2017.

Refleks

Trygg Trafikk er pådrivar for auka bruk av sikkerheitsutstyr, til dømes refleks. Mange alvorlege ulukker med mjuke trafikantar skjer i mørket, og auka bruk av refleks vil redusere omfanget av drepne og hardt skadde i trafikken. Hordaland fylkeskommune ved FTU kjøper årleg inn refleksar til bruk blant samarbeidspartnarane i trafikksikringsarbeidet. Søknadssum frå Trygg Trafikk på kr. 80 000 er knytt til den nasjonale refleksdagen, og innkjøp og utdeling av særskilt materiell, gjennomføring av arrangement for å få mest mogleg merksemd om refleksdagen og for å få fram viktigheita ved refleksbruk. I tillegg støttar me

opplæringsinstitusjonar som skular og barnehagar med refleksar etter førespurnad og etter kor mykje refleksar me til ei kvar tid har liggjande.

Aktivitetar for russ og vidaregåande skule

Heilt sidan byrjinga av 1990-talet har Trygg Trafikk hatt ansvar for gjennomføring av rebusløp for russ i Hordaland, i samarbeid med Statens Vegvesen, Politiet, trafikkskular, Russestyret med fleire. Arrangementet er innarbeidd og er eit godt samarbeidstiltak. Tiltaket inkluderer kontroll av russebilar og gjennomføring av ei rekkje aktivitetar der trafikksikkerheita er i hovudfokus. Arrangementet blir gjennomført ved nye trafikkstasjonen i Åsane. Søknadssummen er som tidlegare år 80 000,- som går til leige av toalett, innkjøp av materiell, enkel servering med meir. I tillegg vil Trygg Trafikk i Hordaland vere open for å rettleie ungdomsbedrifter og skuleklassar som jobbar med trafikksikring som tema, og gjerne støtte desse med refleksar og andre enkle innkjøp ved behov.

#Er du sikker?

Det vil i Hordaland for 2017 bli utprøvd eit pilotprosjekt mot 3 utvalde vidaregåande skular, som involverer ein konkurranse der trafikksikringsrelaterte tema blir tatt opp. #Er du sikker-konseptet er nytenkande, m.a. med ung-til-ung-formidling som viktig metode. Det er sett av ein liten sum til dette tiltaket for 2017, som i hovudsak handlar om innkjøp av materiell, kostnader knytt til design, trykking m.v. Premiar og andre utlegg vil i hovudsak bli dekkja av Hordaland fylkeskommune.

Diverse trafikksikringsrelaterte tiltak og innkjøp

Søknadssum på kr. 50 000 gjeld aktivitetar og tiltak som kan kome opp i løpet av året, og som kan fungere som bidrag i oppfølging av fylkeskommunen sin «Handlingsplan 2014-2017 for trafikksikring i Hordaland».

Med venleg helsing

Knut Olav Røssland Nestås

Distriktsleiar for Trygg Trafikk i Hordaland

Tel: (+47) 41 20 61 32

E-post: nestas@tryggtrafikk.no

Trygg Trafikk

Agnes Mowinckels Gate 5

Postboks 7900

5020 Bergen

www.tryggtrafikk.no